



Alversund Maskinstasjon A.S
Buhaugen 6
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/632 - 16/17783

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
24.06.2016

Dispensasjon og løyve til opparbeiding av parkeringsplass - gbnr 141/32 Kvamme Nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 313/16

Tiltakshavar: Ove Veland
Ansvarleg søkjar: Alversund Maskinstasjon A.S
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-3

Tiltak

Saka gjeld søknad om løyve i eitt trinn for opparbeiding av privat parkeringsplass for ei hytte, med plass til to-tre bilar på eigen grunn. Tiltaket medfører så stort inngrep, at det ikkje kjem inn under fritak etter SAK §4-1 d) nr 10, som gjeld «intern veg og biloppstillingsplass for tomtens bruk».

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken 22.02.2016. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 08.03.2016. Dispensasjonssøknaden vart motteken 04.04. 2016. Søknaden var komplett og klar for handsaming denne datoen og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 12 veker frå denne datoen.

Det vert elles vist til søknad motteken 22.02.2016 og supplert 04.04.2016

Forholdet til naboar

Naboar er varsla, i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka. Naboerklæring for fjellskjering heilt inntil nabogrensa ligg føre.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggeområde for bustad. Sidan anlegget ikkje kjem inn under mindre tiltak, må det ha dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen før det kan gjevast løyve til tiltak.



Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Dispensasjon

Det er søkt dispensasjon med slik grunnjeving:

«Tiltaket vil redusere parkeringen langs den kommunale vegen og således også gi bedre fremkommelighet for utrykningskjøretøy»

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale til dispensasjonen frå andre planstyresmakter.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012.

Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Lindås kommune teknisk drift har gjeve løyve til opparbeiding av ny avkjørsle i brev datert 23.02.2016.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist på situasjonsplan motteken 22.02.2016.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gbnr 141/35 har i dokument datert 19.03.2016 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

Terrenghandsaming

Situasjonsplanen med tilhøyrande terreng profil viser parrkeringsplass, tilkomstveg og avkjørsle med eksisterande og nytt terreng.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING

Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Moment som talar mot godkjenning:

- Tiltaket er i strid med det generelle kravet om reguleringsplan i kommuneplanen
- Dispensasjonar kan i mange saker føra til uheldig presedens

Moment som talar for å godkjenna søknaden:

- Tiltaket er på ein bebygd eigedom

- Det har ikkje komme merknader frå naboar eller andre styresmakter.
- Tiltaket vil ikkje i vesentleg grad forstyrre landbruksdrifta, kulturlandskapet, naturmiljøet eller andre interesser som kommuneplanen er meint å ivareta.
- Sjølv om det vert relativt høg fjellskjering, er det ikkje lett å finna alternative løysingar i dette bratte terrenget som er prega av høge støttemurar og vegskjeringar.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at dette er ein bebygd eigedom, og at trafikktryggleiken på den kommunale vegen vert betra ved at parkering langs vegen her vert redusert. Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon kravet om reguleringsplan i føresegnene til kommuneplanen pkt 1.1

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn ikkje at tiltaket vil komma i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 for etablering av parkeringsplass, tilkomstveg og avkjørsle.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak eitt trinn for etablering av parkeringsplass, tilkomstveg og avkjørsle på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert motteken 22.02.2016 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket får tilkomst til kommuneveg Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 23.02.2016.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **16/632**

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilleggsopplysninger for Ove Veland

Søknad til byggesak

Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 14132 Kvamme nedre

Situasjonskart avkjørsle gbnr 141-32 - Kvamme Nedre

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland
Ove Veland

Postboks 7310 5020
Stranda 803 5993

Bergen
OSTEREIDET

Mottakarar:

Alversund Maskinstasjon A.S

Buhaugen 6 5911

ALVERSUND